

Uregjerleg festdeltakar og knekt stolpe

19.12.2011

Natt til laurdag måtte politiet ta seg av ein deltakar i ein privat fest i Uskedalen fordi han vart uregjerleg

Politiet måtte fjerna han og ta han med til lensmannskontoret. Han vart lauslatt, men han kan venta seg eit etterspel,

Ei anna hending i bygda i helga saknar oppklåring. Ein telegrafstolpe vart knekt av ein bil og låg delvis ut i køyrebana på Korsnes

Då politiet kom hadde føraren stukke av med bilen, som må ha fått betydeleg skade.

Politiet vil gjerne ha tips fordi ein alltid skal melda frå hvis ein øydelegg noko..